

Møte med rektor om elevtalsutviklinga.

08.03.2018



Rektor Stig Berge Soldal sa i innlegget sitt at Uskedalen har gode føresetnader for å kunna snu den negative elev- og folketalsutviklinga.

Vi er kjende med nedgang i folketalet i Uskedalen. Det same gjeld ei negativ elevtalsutvikling i år framover. Då det nye styret i Uskedal utvikling hadde sitt første møte i går, vart tema løfta fram i møte med rektor på skulen, Stig Berge Soldal. Uskedalen som bygd har alle gode føresetnader for å kunna snu denne utviklinga.

Frå å vera ein fulldelt barneskule med rundt 100 elevar og 7 klassar, kan skulen om fire år bli 6 delt med 80 elevar. Ja, kjende tal i dag syner at om det ikkje vert merkbare endringar med tilflytting og auke i fødselstalet, er elevtalet rundt 70 i 2023.

Rekor, Stig Berge Soldal, sa i sitt innlegg at Uskedalen som bygd har alle gode førresetnader for å snu denne utviklinga

- Uskedalen er ei sentrumsbygd i Kvinnherad med sentral plassering
- Bygda har tomter tilgjengelege
- Uskedalen har ein attraktiv skule og barnehage
- Uskedalen har eit aktivt kulturliv med mange aktivitetar
- Bygda har Festidalen, eit tiltak som set Uskedalen på kartet
- Uskedalen har eldsjelene. Mange er rett nok slitne og det trengst ei fornying

Marknadsføring og profilering utad kan bli betre. Her har vi ei oppgåve å gjera i samarbeid med skule, barnehage, lag og organisasjoner, verksemder, næringsliv og urtbyggjarar.

Saka om elvtalsutviklinga vert sak internt på skulen og i FAU.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

www.uskedalen.no/no/nyhende/16535/

